



Saksbehandlar: Birgit Tansøy, Nærings- og kulturavdelinga
Sak nr.: 16/8185-11

Privat regulering av næringsareal Sæle sag AS

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slike vedtak:

1. Fylkesutvalet går til motsegn mot arealføremålet til den vestlege delen av reguleringsplan for Sæle sag. Gravfeltet med gravrøysene (id 55446-1-2) er ein del av eit gravrøyssystem av nasjonal verdi, og vert skjemma av dei store planlagde terrenginngrepa.
2. Dei automatisk freda kulturminna innanfor planområdet må ha føresegner der det står at det ikkje er lov å gjere noko form for inngrep i dei. Det skal setjast av eit samanhengande omsynssoneområde i den austlege delen av planområdet som innlemmar begge dei to automatisk freda kulturminna (id 231511 og 231522). Det er ikkje akseptabelt (motsegn) at areala rundt kulturminna kan nyttast til næring. Arealføremålet for dei automatisk freda kulturminna må samsvare med bevaring.

Vedlegg:

1. Oppstartvarsle
2. Brev frå fylkeskommunen, varsle om § 9
3. Brev frå fylkeskommunen etter synfaring med synfaringsrapport
4. Brev frå fylkeskommunen etter ferdig gjennomført § 9 undersøkingar
5. Registreringsrapport
6. Offentleg høyring av reguleringsplan for Sæle sag AS med vedlegg

SAKSFRAMSTILLING

1. Samandrag

Fylkeskommunen har fått tilsendt for offentleg høyring områdeplan for reguleringsplan for Sæle sag i Balestrand kommune.

I overordna plan er arealet, utanom området vest for elva, avsett til næring. Arealet vest for elva er avsett til LNF-område i overordna plan.

Framlegg til motsegn gjeld eitt areal som er i konflikt med automatisk freda kulturminne pga. skjemming, og der arealføremålet i planen ikkje er i samsvar med kommuneplanens arealdel. Opplevingsverdien til eit regionalt viktig kulturminne vert òg sterkt redusert i planforslaget.

I tillegg gjeld motsegna manglante føresegner knytt til dei automatisk freda kulturminna i planen. Omsynsøna rundt dei automatisk freda kulturminna må tillegg aukast slik at kulturminna blir sikra eit tilstrekkeleg vern. Arealføremålet kring kulturminna må samsvare med vern.

I planomtalen og konsekvensutgreiinga til planen er planframlegget vurdert å ha liten påverknad på kulturminne og kulturmiljø i området. Fylkesrådmannen er ikkje samd i denne vurderinga. Vi meiner uttak av massar i vest vil få stor negativ konsekvens på grunn av skjemming av gravrøysfeltet av nasjonal verdi like utanfor planområdet i vest, og at opplevingsverdien til eit kulturminne av regional verdi vert sterkt redusert.

2. Bakgrunn for saka

Balestrand kommune har lagt reguleringsplan for Sæle sag ut på offentleg høyring. Planområdet er på 36,7 daa, der eksisterande næringsområde er på 29,8 daa, og nytt areal mot vest er på 6,9 daa. Området er lokalisert på Sæle i Balestrand kommune. Planframlegget legg opp til utvida drift ved Sæle sag AS.

I kommuneplanens arealdel (2010-20) er området, utanom nytt areal i vest, sett av til forretning/industri/lager. Den vestlege delen av planområdet er sett av til LNF-område og består av eit 10 m høgt berg. I planforslaget er det tenkt å spreng vekk dette fjellet/berget for å gjere plass til større kai og oppstillingsplass.

Planområdet ligg mellom sjøen og Fv55. Eksisterande næringsareal som er opparbeidd, er i følgje tiltakshavar, maksimalt utnytta til råvare- og ferdgvarelager.

Dei tre automatisk freda kulturminna (id 60464, 231522 og 231511) og kulturminna frå nyare tid (vaskeplass for garn, rydningsrøyser, steingard) innanfor planområdet er skildra i planbeskrivinga og i konsekvensutgreininga. Det same gjeld for dei automatisk freda kulturminna og kulturminna frå nyare tid som ligg like utanfor plangrensa.

Dei automatisk freda kulturminna har fått omsynssone automatisk freda kulturminne i plankartet, men dei er ikkje omtalt i føreseggnene til planen.

Det er konkludert med at planframlegget truleg kjem til å få liten påverknad på kulturminne og kulturmiljø i området.

Administrativ dialog og tilbakemelding

Fylkeskommunen varsla 28.02.13 kulturminneregistrering, jf. Lov om kulturminne § 9, i samband med varsel om oppstart av reguleringsplanarbeid for Sæle sag. Vi mottok vidare akseptskjema for kulturminneregistreringa 13.10.16, etter at sesongen for feltarbeidet var avslutta for det året.

Det vart gjennomført to synfaringar av det vestlege planområdet 27.10.16, og ei på den austlege delen 10.11.16. Målet med synfaringane var å sjå på dei kjende automatisk freda kulturminna og samstundes få betre innblikk i kva for tiltak som var aktuelle i samband med reguleringa.

Ved synfaringa av den vestlege delen vart vi gjort kjend med at det fanst ei fantehole i den vestlege delen av planområdet og ein varslingsvete vest for planområdet. Etter synfaringane sende vi brev (24.11.16) til tiltakshavar med synfarringsrapport. I brevet ga vi utsyn for at vi var bekymra for dei store landskapsinngrepa som var planlagde i den vestlege delen, og kva for konsekvensar det vil ha for gravrøysene vest for plangrensa. Det vart peikt på at fantehola har regional verdi, og at denne ville bli direkte råka av tiltaka i planen. Vi oppfordra til dialogmøte.

11.01.17 gjennomførte vi dialogmøte der tiltakshavar, ordførar, plansjefen i kommunen, fylkeskonservator og fylkeskommunal rådgjevar var med. Tiltakshavar og kommunen la fram bakgrunnen for planframlegget og fylkeskommunen gjorde greie for dei kulturminnerefaglege vurderingane i saka. Tiltakshavar hadde ingen alternative forslag til arealdisponering

§ 9 undersøkingane vart gjennomført 12.-17.10.17. I alt vart det registrert to ikkje tidlegare kjende automatisk freda kulturminne aust i planområdet; ei gravrøys og ei steinring. I tillegg vart det registrert fleire nyare tids kulturminne.

13.12.17 ga fylkeskommunen tilbakemelding etter den arkeologiske registreringa der vi skildra dei nyoppdaga automatisk freda kulturminna, dei kjende automatisk freda kulturminna og kulturminne frå nyare tid. I denne tilbakemeldinga uttrykte vi at ei utviding av næringsarealet berre kunne skje i den nordlege delen, men ikkje slik at gjekk ut over gravrøysa id 60464 som ligg midt i området.

Nærings- og kulturavdelinga vurderte saka i eit eige internmøte 16.01.18. Her gjekk vi gjennom kva som finst av kjende automatisk freda kulturminne og kulturminne frå nyare tid, og kva for utfordringar som er knytt opp mot ei utviding av Sæle sag AS. Det vart peika på at arealet knytt til den private båthamna i aust kunne utnyttast betre i planen. Referatet etter møtet vart sendt til tiltakshavar 18.01.18 med kopi til Balestrand kommune.

Balestrand la ut reguleringsplanen på offentleg høyring den 02.02.2018.

Skildring av dei automatisk freda kulturminne i og like utanfor planområdet

Gravrøysene på Sæle er del av eit samanhengande gravrøyssystem i Sognefjorden. Gravrøysene, er datert til bronsealder/jernalder og vart lagt langs leia fordi dei skulle vere synlege for folk som kom forbi og fordi den døde som låg i grava skulle sjå dei reisande. Slike gravrøyser finn vi langs kysten og inn over i fjordane i fylket. Dei er viktige vintesbyrd på historia frå ei tid då vi ikkje har skriftleg kjeldemateriale. I Balestrand ligg det slike gravrøyser på nes som stikk ut i Sognefjorden; Eitreneset, Osneset (Nessane), Sæle, Krokaneset, Saganeset, Danneneset, Naustdneset, Målsneset, Tjugum, Dragsvik. Gravrøysene er automatisk freda og har nasjonal verdi.

Gravrøys, id 60464 ligg midt i planområdet, mellom to vegar. Røysa ligg på ein liten høgderygg med utsyn over Sognefjorden i sør aust, sør og sørvest. Røysa er låg og har eit tverrmål på 8 m. Gravrøysa ligg mellom to vegar. Gravrøysa er delvis nyttta til lagringsplass av diverse utstyr.

Gravrøys, 231522, gravrøysa ligg oppe i eit lite sokk mellom to bergknausar aust i planområdet. Ho måler 4,80 x 3,9 m og er om lag 1,2 m høg. Frå røysa er det utsyn mot fjorden i sørvest og vest.

Omlag 15 m vest for plangrensa ligg eit gravfelt som består av to gravrøyser (id 55446-1-2) og 3 m aust for plangrensa, ligg ei gravrøys (id 25774) som delvis er kasta ut i si eiga samtid. Både dei utkasta massane og sjølve gravrøysa er automatisk freda.

Steinring, id 231511, som består av åtte større steinar og fleire små steinar. Sirkelen ligg heilt aust i planområdet og er 4 m i diameter. Den er tolka å anten vere restar av ei mindre gravrøys, eller at ringen har hatt ein rituell eller kultisk funksjon.

Kulturminne frå nyare tid

Fantehola er eit regionalt viktig kulturminne fordi ho fortel om historia til dei reisande som kom med båt for korte stogg og overnattingar. Sogn og Fjordane fylke har veldig få fysiske spor igjen frå denne minoriteten. Plassen, der Fantehola ligg, er eit lite innhuk eller platå like ovanfor elva. Det er berg i vest, sør og nord, med eit lite smalt parti i nord der ein kjem seg opp mot dagens dyrka mark. Framleis er det folk lokalt som hugsar då denne plassen var i bruk av dei reisande, «Fanten». Truleg har denne plassen vore i bruk i lang tid tilbake for kortare stogg/overnattingar, men noko sikker datering har vi ikkje. Fantehola ligg like utanfor plangrensa, ved elva som renn frå fjellet og ut i fjorden. På plankartet har Fantehola fått omsynssone automatisk freda kulturminne.

Røys 1 og 2 ligg i den vestlege delen av planområdet. Røys 1 ligg like sør for Fantehola. Steinane i røysa er jamne i storleik. Frå røysa er det bygd opp ein steingard som går nordover mot Fantehola. Røys 2 ligg innanfor planområdet i vest, på same høgdedrag som røys 55446-2. Nord for denne røysa ligg det fleire små rydningsrøyser.

Varslingsvete. På same høgderyggen som gravrøyslokalitet 55446 står det rester av ein varslingsvete. Veten, ligg utanfor plangrensa, ca. 5 m vest for gravrøys 55446-1. Det er truleg brukt stein frå gravrøysa til å bygge veten opp. Dagens fyr, Selenes fyr, står om lag 60 meter sør for varslingsveten. Her har ein utsyn over fjorden i alle retningar.

Vasking av garn. Nede ved fjorden, i den vestlege delen av planområdet, er eit naturleg sokk i berget som har blitt brukt til vasking av garn i nyare tid.

3. Vurderingar og konsekvensar

Fylkesrådmannen er samla sett ikkje samd i konsekvensvurderingane som er gjort om kulturminne og kulturmiljø i planframlegget. Fylkesrådmannen meiner reguleringsplanen vil ha høg negativ konsekvens for dei automatisk freda kulturminna i området, og for eitt kulturminne av høg regional verdi.

Fylkesrådmannen forstår at det er eit sterkt behov for å utvide Sæle sag si verksemrd. Ut frå omsyna til kulturminne og landskap, ser vi at det er svært problematisk å innlemme det vestlege området til næringsføremål slik planforslaget viser. Før planforslaget kom på høyring har det vore fleire møte og tilbakemeldingar der vi har bede tiltakshavar om å sjå på alternative løysingar. Men vi kan ikkje sjå at alternative løysingar er presentert.

Fylkesrådmannen meiner at arealføremålet (næringsbygg/lager) i den vestlege delen av planforslaget ikkje samsvarar med bevaring av kulturminne og landskap. Det er fordi terrengeinngrepet som er planlagt for dette området går ut på å sprenga vekk eit 10 meter høgt berg/knaus, innanfor eit areal på omlag 14 m x 6,5 m. Inngrepet vil få stor negativ konsekvens for gravfeltet (id 55446-1-2) i vest. Tiltaket er ikkje reversibelt og det vil føre til eit stort sår i landskapet som vil verke skjemmande på eit gravfeltet av nasjonal verdi. Fylkesrådmannen meiner derfor at arealføremålet må bli verande som LNF/grønstruktur, i samsvar med overordna plan.

Opplevingsverdien til fantehola av høg regional verdi, som no er lagt like utanfor plangrensa, vert svært redusert. Fylkesrådmannen er oppteken av å ta vare på dei få spora som er att av dei reisande i fylket vårt. Slik som inngrepa er vist i planframlegget, er ikkje dette eit reelt vern av fantehola. Heile forståinga av kvifor denne landingsplassen var god, forsvinn heilt dersom berget i forkant og på sida vert sprengt vekk.

Gravrøysa (id 60464) som ligg midt i planområdet, ligg i dag mellom to vegar. For å sikre at røysa ikkje blir brukt som lagringsplass for utstyr (skjemming/tildekking), slik som i dag, bør det leggast omsynssone H570 utanpå H730 sona. Arealføremålet må samsvare med vern. I føresegndene må det stå at det ikkje er høve til å gjere inngrep i gravrøysa og at gravrøysa ikkje må nyttast som lagringsplass.

Når det gjeld dei automatisk freda kulturminna i den austlege delen av planområdet, må det lagast ei omsynssone som sikrar at areala kring kulturminna og mot plangrensa vert bevart. Like utanfor plangrensa ligg det som nemnt ei gravrøys berre 3-4 meter i frå. Det er viktig at arealføremålet mellom dei automatisk freda kulturminna samsvarar med vern, til dømes grønstruktur/LNF. Det må komme fram i føresegndene at kulturminna er automatisk freda og at det ikkje er lov til å gjere nokon form for tiltak i dette området.

4. Konklusjon

Arealføremålet, som i kommuneplanen er sett av til LNF-område, må ikkje endrast til næring i reguleringsplanen. Utviding av industriområdet i vest, som skissert i planframlegget, vil få stor negativ konsekvens for automatisk freda kulturminne og for eit regionalt viktig kulturminne.

Vidare er landskapet ikring dei automatisk freda kulturminna ikkje godt nok sikra i planen. Ein føresetnad er at arealføremålet rundt dei automatisk freda kulturminna vert omgjort til LNF-grønstruktur og at det vert lagt ei omsynssone H570 utanpå H730 sona slik at det blir ei ekstra buffersone som sikrar vern. Det må lagast eigne føresegner til dei automatisk freda kulturminna i planen.

På bakgrunn av desse vurderingane ber fylkesrådmannen om at fylkesutvalet går til motsegn mot planframlegget.